



Statens vegvesen



Endring av bompengeretakstane i ferjesambandet E39 Mortavika-Arsvågen

Takstane i ferjesambandet er fastsett i samsvar med Riksregulativet for ferjetakstar. Ved overgang til ny kontrakt på ferjesambandet frå 1. januar 2019, vert ferjetakstane på ferjesambandet E39 Mortavika-Arsvågen kravd inn etter AutoPASS-regulativet for ferjetakstar. Ved overgang til AutoPASS-regulativet vert bompengepåslaget justert slik at bompengeinntekta frå sambandet vert som føresett i Prop. 105 S (2016-2017).

Frå 1. januar vert bompengepåslaget på ferjesambandet E39 Mortavika - Arsvågen rekna som skilnaden mellom takstsone 16 og takstsone 10, dvs. 6 takstsoner når AutoPASS-regulativet vert innført. Det vert ikkje gjeve rabatt på bompengepåslaget.

Etter AutoPASS-regulativ for ferjetakstar for 2018 gjer dette følgjande bompengepåslag for E39 Mortavika - Arsvågen.

Kjøretøygruppe	Lengde	Bompengepåslag
MC	MC/ Moped	14
AP1	< 6,0 m	54
AP2	6,01 -8,0 m	119
AP3	8,01 -10,0 m	146
AP4	10,01-12,5 m	171
AP5	12,51-14,5 m	171
AP6	14,54 -17,5 m	179
AP7	17,51 -19,5 m	200
AP8	19,51-22,0 m	193
AP9	> 22 m	212

AutoPASS-regulativet for ferjetakstar for 2019 vert prisjustert gjennom handsaminga av statsbudsjettet. Tabellen over viser takstar i 2018-prisar. Merk at kunngjeringa berre gjeld bompengeretakstar på ferjesambandet. Bompengeretakstar kjem som tillegg til ferjebilletten som vert kravd inn samstundes.

Inntil vidare vert det lagt til grunn at nullutsleppskjøretøy ikkje skal betale bompengar.

Det vert gjeve fritak etter gjeldande takstretningslinjer:

- Passasjerar i alle typar køyretøy
- Gåande og syklende
- Køyretøy i merka gravfølgje
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag.*

Rabattar og fritaksordningar merka med * krev gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke.

Takstvedtaket kan pålagast til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.